

Spar-utviding med 320 kvadratmeter

03.07.2011



Prosjekt Konsult har no, på vegne av Nilsen Eiendom AS, søkt kommunen om løyve til utviding av SPAR-butikken med 320 kvadratmeter. Det skal og byggjast ny parkeringsplass og ny innkjørsel frå kommunal veg. Prosjekt Konsult er og i dialog med kommunen om fortau langs vegen ned til butikken.

Det er ikkje kome nokre merknadar frå naboar til utvidinga.

Heile grunneigedommen er på 3 909 kvadratmeter medan arealet for den eksisterande bebyggelse er 744 kvadratmeter. Utnyttingsgraden blir på 27 prosent..

Over er det aktuelle utbyggingsområdet sett frå Gamleskulen

Foto: Ola Matti Mathisen